



Kunnskapsdepartementet, Stortingsmeldinga om ungdomstid og 5.-10. trinn.

Innspel til praktisk, kreativ og variert undervisning.

Om Kunsten å lære

Kunsten å lære (KÅL) er eit skuleutviklings-, kunst- og forskingsprosjekt i grunnskolen frå 2021-2023, der 11 skular i Innlandet fylke og 5 skular i Ungarn deltar. Målsetjinga for prosjektet er å bidra til å skape ein skule der barn kan lære på den måten barn lærer best: gjennom å vera aktive, skapande og kreative, og der barna kan ha det godt (og gjerne også gøy!) medan dei lærer. Gjennom prosjektet jobbar vi for å få fram statistisk, tverrfagleg og erfaringsbasert forskning som synleggjer kva som skal til for å utvikle eksekutive funksjonar i hjernen (sjå eige avsnitt), og som med det byggjer opp under både læring, trivsel, meistring, tilpassa opplæring og inkludering. KÅL inneber konkrete forslag og rammeverk innanfor Fagfornyelsen sine rammer. Prosjektet ber i seg gode verktøy for utjamning både i forhold til inkludering, læring og folkehelse. Signifikante funn frå pilotprosjektet i 2018 indikerte at elevane som hadde KÅL utvikla sine eksekutive funksjonar i hjernen i større grad enn elevane i kontrollskulane (Andersen 2019, Hundevadt og Klausen 2019, Hylland m.fl 2019: 45)

KÅL er eit samarbeid mellom Innlandet fylkeskommune, Høgskolen i Innlandet, Creativity, Culture and Education (CCE) frå England, forskingsinstitutta T- Tudok fra Ungarn og CEDETI i Chile, Kulturtanken, med fleire.

Kva er eksekutive funksjonar i hjernen?

Eksekutive funksjonar (EF) er mentale funksjonar som finst i prefrontal korteks, i pannebrasken i hjernen vår. Dei gjer oss i stand til å resonnerer og drive problemløysing, forstå kva vi les eller kva vi høyrer i ein skuletime, ta val, utøve sjølvkontroll og disiplin, vera kreative, og fleksibelt justere oss når det skjer endring eller vi får tilgang på ny informasjon. Tre under-funksjonar vert kalla kjerne-EF: *Arbeidshukommelse* - å halde på informasjon som ikkje lenger er perseptuelt tilgjengeleg, *Inhibisjon* – evne til å kontrollere kjensler, tankar, fokus og oppførsel, og gjera oss i stand til å fokusere på det vi sjølv ynskjer, og *Kognitiv fleksibilitet* – tett knytt til kreativitet og evnen til å «tenkje utanfor boksen», kunne skifte perspektiv og skifte meining (Diamond 2013: 161-164). EF vert skadelidande om ein er anten einsam, trist, stressa eller har dårleg fysisk helse. Da kan det framstå som at ein har underutvikla EF, i form av til dømes ADHD, sjølv om det ikkje er tilfelle og ein til dømes berre er utsett for stress.

Det er empirisk belegg for at EF kan utviklast, og det som skal til for å utvikle dei er aktivitetar som a) reduserer stress, auker glede, bidreg til å føle at ein høyrer til og som gjev betra fysisk helse, og b) aktivitetar som utfordrar og trener EF (Diamond 2013: 161-164). «Nowhere is the importance of social, emotional, and physical health for cognitive health more evident than with EFs» (Diamond 2013: 161). **Kva slags aktivitetar inneheld heile denne smørbrødlista?** Diamond skriv:

Music making, singing, dancing, and sports challenge our EFs (thus helping to improve them), make us happy and proud, address our social needs, and help our bodies develop. That is, they address our cognitive, emotional, social, and physical needs—exactly what is needed for the best school outcomes (Diamond 2013: 161).



Diamond meiner altså at kunst og kulturaktivitet er det som best fyller «kravspesifikasjonen» og at desse aktivitetane derfor kan vera nøkkelen til utvikling av EF. Ho seier vidare at dersom barn er dedikert til kunst, fysisk aktivitet eller sosialt arbeid så vil ikkje det forringe korleis dei gjer det på skulen. Dersom barna er gladare, mindre stressa og i betre fysisk form så vil deira akademiske mål-oppnåing verta substansielt betre, sjølv om dei brukar mindre tid på å ta imot akademisk instruksjon (Diamond 2013: 161 / 164). Dette sitatet er Diamond si oppsummering og avsluttande ord i konklusjonen i artikkelen:

The different parts of the human being are fundamentally interrelated (Diamond, 2007). We are not just intellects; we also have emotions, social needs, and bodies. Even if one's goal is only to improve academic outcomes, the best way to achieve that is probably not to focus narrowly on academics alone, but to also address children's emotional, social, and physical needs (Diamond, 2010, 2013; Diamond & Lee, 2011). Counterintuitively, the most efficient and effective strategy for improving academic achievement is probably not to focus only on academics but to nurture all aspects of the child. While it may seem logical that if you want to improve academic outcomes you should concentrate on academic outcomes alone, not everything that seems logical is correct. (Diamond 2013: 165)

I Kunsten å lære har vi utarbeidd kunstbaserte undervisningsopplegg med utgangspunkt i kravspesifikasjonen Diamond har lagd for aktivitet som fører til utvikling av EF. Utvikling av EF fremjer både læring, trivsel, meistring, tilpassa opplæring og inkludering. I undervisningsopplegga er elevane er aktive med heile seg, dei er både fysisk, emosjonelt, sosialt og intellektuelt engasjerte i læringsprosessen. For å oppnå dette, krevst det at lærarane har innsikt i og er komfortable med å anvende eit bredt spekter av praktisk, kreativ og variert undervisning, Med utgangspunkt i dette, kjem vi med to konkrete innspel til Stortingsmeldinga.

Konkrete innspel

1. Gjeninnføre estetiske fag som obligatoriske i lærarutdanninga for 5. – 10. trinn

I LK 20 er det lagt stor vekt på tverrfaglegeheit og bruk av alternative læringsarenaer for å ivareta prinsippet om tilpassing og inkludering. Dette krev mykje av den enkelte lærar, og slik vi ser det ruster ikkje grunnskulelærarutdanninga studentane til dette i stor nok grad.

Dei estetiske faga gjev eit vidt spekter av ulike didaktiske inngangar og metodemangfald. Den pedagogiske plattformen i dei estetiske faga, musikk, drama, dans, litteratur, kunst og handverk, er fundert på ein vilje til å utfordre, ta risiko og inkludere og fokusere på fellesskapet og kollektive arbeidsformer. Praksisen inneber mellom anna at undervisninga flytter seg ut av klasserommet, at eleven er sentral som læringsressurs, at kroppen er aktivert, at ein opnar opp for lek og gjev opne oppgåver bygd opp av rike narrativ (Thomson m.fl.: 11).

I KÅL har vi engasjert kunstnarar som arbeider side om side med lærarane. Den pedagogiske plattformen kunstnarane kjem inn med gjennom utøvinga av si rolle skildrar Thomson mfl. som onto-epistemologisk. Kunstnarane har med seg viljen til å utfordre, ta risiko og inkludere og fokusere på fellesskapet og kollektive arbeidsformer, og dei har med seg ei stor metodisk verktøykasse som supplement til lærarane sine metoder.



Kunsten å lære

For å sikre at lærarane i den norske skulen skal ha reell metodefridom, krevst det at lærarane må kjenne til og ha erfart bruken av eit vidt spekter av metodar. Berre slik kan dei velja metode ut frå behov og oppnå reell metodefridom. Då treng lærarane solid fagkunnskap innafor dei estetiske faga, slik at dei får utvida nettopp dette spekteret. Dette er ein mangel i lærarutdanninga slik ho er organisert i dag, som vi meiner det haster å ta tak i.

2. Ta i bruk performativ læringsteori som inngang til praktisk, kreativ og variert undervisning

Læringsteorien ein legg til grunn for skulen, vil avteikne seg i måten ein tenkjer om læring og undervisning, og i tråd med grunnleggjande onto-epistemologi vil teoriane også koma til uttrykk gjennom læringsprosessane ein vel å setja i verk i klasserommet. Ved å ta utgangspunkt i performative læringsteorier, ser ein læring som ein skapande prosess og ein vil forstå læring som noko som er både kroppsleg, relasjonelt, skapande, affektivt og kognitivt på ein og same tid. Det kognitive er framleis viktig, men det vil sannsynlegvis ikkje vera nok. I staden vert prosessar som å gjera, sansa, tenkje, relatere, samhandle, skape, bevege, uttrykke og agere sentrale. Designet av læringsaktivitetane vil vera elevsentrert, handlingsstyrt og involvere kroppen i kunnskapinga. Kunnskapen vert forstått som verdiladd, ikkje nøytral. I utøvinga av lærarprofesjonen vil læraren si rolle ikkje vera å formidle, men heller å gje impulsar, fungere som moderator eller dramaturg, strukturere undervisninga og skape gode rammer for arbeidet (Gjærum og Vik 2022: 37, Østern, Selander, Østern 2019: 57-59, henta frå Hundevadt 2022). I Kunsten å lære har vi, med utgangspunkt i Østern og Thomson m.fl, lagd ein skjematisk oversikt over nøkkkelkonseptane i performativ læring, slik vi forstår dei og anvender dei i kvardagen.

Performativ læring – læringsteoretisk grunnlag for *Kunsten å lære*

Kunnskapssyn - Konstruktivistisk, skapende, performativt. Erfaringsbasert og sosialkonstruktivistisk kunnskapssyn (Dewey). Kunnskap som verdiladd, ikkje nøytral.

Lærerenes rolle Gi impulser, utfordring og trygghet. Være dramaturg, strukturere undervisninga, tilrettelegge, skape gode rammer for arbeidet. Se hvert enkelt barn som ressurs. Skape trygt rom for å ta risiko, feile, løse oppgaver ulikt. Eksempel: Stille åpne spørsmål, utfordre elevene til å finne ut selv i grupper. La elevene få gå stegene selv, trygge dem på at de får det til, ikke hoppe til konklusjonen for dem.

Aktivitetens form Skapende, undersøkende, tenkende, sosialt, handlingsstyrt, aktivt. Bruke sansene. Eksempel: Anvende et stort repertoar av ulike metodiske innfallsvinkler som utfordrer barna på ulike vis. Alt treffer ikke alle, men alle barna opplever at noe treffer dem.

Organisering av tid, rom og aktivitet Fleksibel bruk av tid, rom og aktivitet. Tema- og prosjektbasert, workshop, bruke ulike og varierte læringsarenaer. Eksempler: Sitte i sirkel, gå i rommet, stå på rekker, sitte i grupper, bygge i trappa, lage rutenett utendørs, bruke lokalsamfunnet og naturen i nærområdet. Lengre, tematiske økter med rom for å ta pauser etter behov og i takt med interessen.

Innfallsvinkel oppgave Prosess i fokus framfor produkt. Autentiske aktiviteter med innhold fra den virkelige verden, relatert til lokalsamfunnet og til barnas verden. Eksempel: Stille åpne spørsmål, der begrunnelse for svaret er i fokus, ikke rett-galt.

Synlighet prosess Åpen prosess, barna medskapere av egen undervisning, synlig læring. Eksempel: Framføre, dele forslag og ideer, vise for hverandre, øve på å uttrykke seg.

Barnas rolle Hvert enkelt barn er en ressurs. Utvikling skjer mellom elevene. Kontekstualisert og situert i barnas verden og erfaring. Bruke hele seg selv i læringen: kroppslig, intellektuelt, sosialt og følelsesmessig involvert. Eksempel: Barna er eksperter. Ta utgangspunkt i barnas egne kunnskaper, bygge videre derfra.

«Uimotståelig læring» Ta utgangspunkt i barnas nysgjerrighet, bruke «trigger» for å koble barna på, affektivt, «uimotståelig læring», dramaturgi som grep. Lek som inngang: Gjennom lek er barn større, mer kompetente og går ut over seg selv. Eksempler: Gi et oppdrag, løse et mysterium, noe uventet skjer, noen kommer på besøk, bok, sang, forestilling, konsert som trigger nysgjerrigheten om et tema.

Inkludering / tilpassa opplæring Variasjon, tilrettelegging, trygghet, skape ønske om å delta, meningsfullt for den enkelte, det kompetente barnet. Scaffolding/stillasbygging innenfor proksimal utviklingssone (Vyotsky). Eksempel: Ta utgangspunkt i at «du kan». Utfordre alle til å være litt mer, litt eldre, litt tøffere og litt mer sårbar enn seg selv gjennom lek og rollespill. Legge opp til at oppgaver skal kunne løses på en rekke ulike måter.

Klassedynamikk Se hverandre på ulike måter, i ulike lys, som ressurser. Jobbe i gruppe, samhandle, relasjonelt, variere mellom individuelt og kollektivt. Samarbeid i hele gruppa. Eksempler: Variere oppgaveform og – metodikk kontinuerlig. Variere gruppeinndeling kontinuerlig. Bruke ulike måter, også lotteri-metoder, for å sette sammen grupper.



Refleksjon	Kontinuerlig og variert form for refleksjon. Reflektere over prosessen, over egne bidrag, over andres bidrag, over følelser, metarefleksjon. Reflektere over faglig innhold, komme med endringsforslag. Samle tankene, koble det til tidligere fagstoff. Eksempler: Refleksjon gjennom handling, "si ett ord", velge et følelseskort.
Referanser: Performativ læringsprosess (Østern mfl. 2019), Helhetlig undervisning (CCE, til norsk i 2017). Bearbeidet i hht Kunsten å lære (Hundevadt 2022).	

Relevans for 5. – 10. trinn

I mange innspel frå ungdommar om eigen skulegang, også til denne stortingsmeldinga, gjev dei uttrykk for eit sagn av å få «gjere noko». Ut frå dette kan ein lese ei etterlysing av det som er nedfelt i Kunnskapsløftet 2020 sitt kapittel om tilpassa opplæring. Der står det mellom anna at elevane alltid skal vite kva, kvifor og korleis dei skal lære. Gjennom å leggje performativ læringsteori til grunn, vert alle desse spørsmål ivareteke, samtidig som det held på spenninga, nysgjerrigheita og sørger for at både korleis og kvifor blir praktisk og handfast.

Ein annan ting barn og ungdom etterspør er meningsfull læring. Dette tyder at mykje av læringa dei erfarer ikkje vert oppfatta som meningsfull. Vi har i tillegg har eit aukande problem med skulevegring, så det å skape ein skule elevane finn meningsfull, og der dei har det bra, kanskje til og med gøy, det trengs det grep for å få til. Kunsten å lære(KÅL) står på timeplanen for elevar på 1. – 3. trinn i Innlandet fylke, og denne våren fekk vi rapportar om at KÅL er favorittfaget til sær mange barn. Dei har det også travelt med å kome attende til skulen når dei er sjuke, fordi dei ikkje vil gå glipp av KÅL. Vi ser dette som eit uttrykk for ein kjærleik til kunnskap og læring som vi ikkje har råd til å oversjå. Med dei rette grepa kan vi skape ein skule der ressursane til den enkelte eleven vert synlege, kjem til sin rett og får blomstre.

Og då kan det gjerne vera vanskeleg! Vi ynskjer at fleire skal få oppleve det same som eleven i 3. klasse som møtte på ei skikkeleg vanskeleg oppgåve, og som ropte ut " Dette er skikkeleg vanskeleg!" med ein frydefull latter, full av pågangsmot.

Maie Othilie Hundevadt, prosjektleiar

Anne Tove Mygland, prosjektkoordinator



Litteraturliste

Andersen PN, Klausen ME, Skogli EW. Art of Learning - An Art-Based Intervention Aimed at Improving Children's Executive Functions. *Front Psychol.* 2019 Jul 31;10:1769. doi: 10.3389/fpsyg.2019.01769. PMID: 31417476; PMCID: PMC6685039.

Diamond, Adele: «Turning some ideas on its head.» TEDxWestVancouverED. 24. nov 2014. Henta 23. 10.2022 frå <https://www.youtube.com/watch?v=StASHLru28s&t=12s>

Diamond, Adele: «Want to Optimize Executive Functions and Academic Outcomes? Simple, Just Nourish the Human Spirit». Zelazo, Philp og Sera, Maria (red.): *Minnesota Symposia on Child Psychology*, volume 37, Wiley 2014

Hundevadt, MO og Klausen, ME: *Kan kunst være nøkkel for utvikling av eksekutive funksjoner hos barn? Avsluttende rapport for forskningspiloten Kunsten å lære.* Oppland fylkeskommune 2019

Hylland, Ole Marius m.fl: *Ung kultur. Et kunnskapsgrunnlag. TF-rapport nr. 493, Telemarksforskning på oppdrag frå Kulturdepartementet 2019*

Vygotsky, L. S.: *Mind in society : the development of higher psychological processes.* Cambridge, Mass: Harvard University Press 1978